



FJALER SFE VINDKRAFT LUTELANDET

## Ung mann skal ha fått beskjed om at jobben kunne ryke om han ikkje strauk seg frå vindkraft-liste



BLEI KONTAKTA: Politiker Richard Skår fekk ein telefon frå ein fortvila ung mann, som frykta for å miste ein fast jobb i SFE . Årsaka var at han stod på lista over folk som ville ha ny behandling av dispensasjonssøknaden til Lutelandet Energipark. Foto: Privat

Av [Astrid Iren Solheim Korsvoll](#)

27. mars 2020, kl. 15:06 ▾

– Dette er graverande og heilt hinsides, seier politikar Richard Skår.

Det var under torsdagens kommunestyremøte i Fjaler, at historia dukka opp.

Politikarane skulle behandle eit innbyggarkrav frå 210 personar i Fjaler, som ønskte at dispensasjonssaka til Lutelandet Energipark, burde bli behandla på nytt i neste kommunestyre.

Saka er allereie behandla i formannskapet, der politikarane sa ja til dispensasjonssøknaden.

Politikar Richard Skår tok ordet innleiingsvis, og fortalde at han seint kvelden før hadde blitt kontakta av ein fortvila ung mann.

Den unge mannen var nettopp blitt ferdig med læretida si i SFE nett og skulle ha blitt førespegla fast jobb etter dette.

– Torsdag fekk han fekk beskjed om at han ikkje kunne få jobben likevel, fortalde Skår.



**LES OGSÅ**

**210 signerte innbyggarkrav. Dermed må dispensasjon til Lutelandet i kommunestyret**

## Var aktuell om han strauk seg frå lista

Årsaka til dette, ifølge Skår si historie, skal ha vore at Stig Svalheim i Vestavind Energi tok kontakt med personalsjefen i SFE.

Svalheim skal ha sagt at lærlingen ikkje burde vere kandidat til jobben fordi han stod på innbyggjarlista, som altså kravde ny behandling av dispensasjonssaka til Lutelandet Energipark.

Vestavind Energi er ei eiga avdeling i SFE, og Svalheim er også dagleg leiar i Lutelandet energipark, som er heileigd av SFE. Lutelandet Energipark skal bygge og drifte Lutelandet vindkraftverk.



Skår fortalde vidare at ungdommen hadde fått klar beskjed: Dersom han strauk seg frå lista, kunne han likevel vere ein kandidat.

### Hei Roy Ove Svarstad

Abonnementet ditt er sagt opp og vert avslutta om 34 dagar. Viss du vil fortsette å lese plussinnhald, kan du angre oppseiinga.

Angre oppseiinga på Mi Side

[Lukk](#)

– Han tok kontakt med meg og var ganske fortvila, og lurte på korleis han kunne bli stroken frå lista. Han bad om hjelp slik at han kunne få jobben han var førespegla, fortalde Skår.

**Firda har vore i kontakt med den tidlegare lærlingen. Han har vore i jobb i SFE etter enda læretid, og søkte på ei fast stilling. Han ønskjer ikkje å kommentere saka i media, men bekreftar at det Richard Skår fortalde i kommunestyret er korrekt.**

### **Nesse: – Eg ville tenkt meg om før eg starta i ei slik bedrift**

Kommunedirektør Bente Nesse sin reaksjon i kommunestyret, kom kjapt:

– Heilt ærleg, så blir eg forundra over at slikt skjer. Dersom det er riktig slik det blir framstilt her, så ville eg tenkt meg om før eg starta i ei bedrift med ein slik personalpolitikk. Det burde eg kanskje ikkje ha sagt, men no har eg sagt det.

Ivar Selvåg, Sp-politikar var også klar i sin tale.

– Eg er skaka. Som eigar i SFE bør Fjaler kommune reagere sterkt.

Utanom han, var det ingen av dei andre politikarane som tok ordet.

### **– Eg har nesten ikkje sove i natt**

Richard Skår, var tydeleg på at han syntest det var ei tøff sak:

– Eg blei litt dårleg av dette og har nesten ikkje sove i natt. Eg er tillitsvalt sjølv, og denne saka er graverande og heilt hinsides, sa Skår, og spurde vidare korleis dei kunne hjelpe lærlingen med å bli stroken frå lista, slik at han kunne bli vurdert for jobben.

Firda har vore i kontakt med Richard Skår. Han seier følgande:

– Av omsyn til at dette truleg blir ei personalsak mellom lærlingen og arbeidstakar, så er det mest ryddig av meg å vise til det som kom fram i kommunestyret. Vidare mediekontakt må takast med ordførar.

Ordførar og kommunedirektør uttalte under kommunestyret at dei ville ta saka vidare med SFE.

### **Ordførar: – Eg trur dei fleste var overraska**

Ordførar Kjetil Felde, seier til Firda at dei tok kontakt med SFE etter torsdagens kommunestyremøte.

– Då vi tok kontakt, var det som eigarkommune. Vi gav uttrykk for at var bekymra etter å ha høyrte om ei slik sak, men så er det SFE som må handtere den vidare. Vi kan ikkje gjere anna, men vi vil følge med på resultatet av saka.

### **SFE har svart kommunen og beklager saka.**

– *Det var berre Richard Skår og ein annan politikar som kommenterte saka i kommunestyret. Hadde du forventet fleire reaksjonar?*

– Eg trur nok dei reaksjonane samsvarte med dei andre sine. Eg trur dei fleste var overraska og tenkte at dette ikkje var greitt.

### **SFE: – Vi legg oss langflate**

Stig Svalheim i Vestavind seier at han ikkje vil kommentere saka og viser til kommunikasjonssjef i SFE.

#### **– Her var vi litt for kjappe og vi handla uklokt, seier kommunikasjonssjef Jannicke Lindvik i SFE.**

– *Stemmer det at de handla etter at de fekk ein telefon frå Stig Svalheim som bad dykk ta ei ny runde på lærlingen?*

– Eg kan ikkje kommentere kven som har sagt kva, det blir feil. Men eg kan seie at ein SFE-tilsett reagerte på at denne lærlingen stod på lista. Han vart provosert over dette og uttrykte internt kva han meinte om det. Dessverre blei dette teke vidare og drøfta med lærlingen. Det burde det ikkje blitt gjort.

– *Lærlingen skal ha fått beskjed om at han ikkje var aktuell for jobben om han stod på denne lista?*

– Akkurat kva ord som blei brukt til lærlingen, veit eg ikkje, men eg forstår at det er slik det blei oppfatta hos han. Det beklagar vi veldig.

### **– Uskyldig å stå på ei slik liste**

Kommunikasjonssjefen seier vidare at SFE meiner det er ganske uskyldig å stå på ei slik liste.

#### **– Vindkraftmotstanden eksisterer, og det er naturleg at vi har folk i SFE med slike synspunkt. Det som er heilt klart, er at denne saka får ingen konsekvensar for hans arbeidsforhold hos oss.**

– *Skjer det på grunn av at saka har blitt løfta opp i offentlegheita?*

– Torsdag føremiddag blei vi gjort merksame på saka av ein kollega av lærlingen. Det blei tatt tak i saka straks og bestemt at vi skulle kontakte lærlingen og beklage. Vi synest det er veldig synd at det blei ein slik situasjon. Her har det blitt handla uklokt og det beklagar vi.

### **– Vi skal be skikkeleg om unnskyldning**

Lindvik seier dei blei kontakta av Fjaler kommune etter at saka dukka opp der. Dei har i eit brev til kommunen lagt seg langflate og forklart situasjonen frå sin ståstad.

– *Er dette vanleg personalpolitikk i SFE?*

#### **– Nei, dette er berre veldig trist og berre å beklage. SFE har handla uklokt og fleire personar som har vore involverte i saka, er no svært lei seg. Dette skulle ikkje blitt tatt vidare med lærlingen.**

– *Du seier det er uproblematisk å jobbe i SFE og vere vindkraftmotstandar, men kvifor diskutert de då dette som ei lojalitetssak?*

– Det er rom for tilsette å meine at nokon ikkje bør stå på ei slik liste, like mykje som at det er opp til kvar enkelt å velje å gjere det.

– *Har de andre tilfelle med dårleg personalbehandling?*

– Ikkje som eg kjenner til, men vi har jamlege arbeidsmiljøundersøkingar der vi scorar langt over snittet.

SFE skal snart ha møte med lærlingen.

#### **– Der skal vi snakke ordentleg ut om saka og be skikkeleg om unnskyldning.**